

REGULERINGSFØRESEGNEN I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR DEL  
AV GNR. 79 – ”FØRRE TERRASSE”

§ 1 Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på planen.

### 1. Byggeområder.

#### A. Områder for bustadbygging.

- § 2 Det vert berre tillatt oppført frittliggjande einebustader på 1 etasje med grunnmur ikkje over 70 cm. Der terrenget etter ~~bygningrådet kommunen~~ sitt skjønn ligg til rette for det kan ein tillate innreia underetasje ~~i samsvar med bestemmelsene i byggeforskriftene~~. I tillegg er det tillatt med garasje.
- § 3 Bygningane skal plasserast som vist på planen. Møneretningen vert rekna i lengderetninga til huset.
- § 4 Det kan byggjast på inntil ~~1/5 av nettoarealet~~ 35% BYA av kvar einskild tomt, ~~i tillegg kjem inkludert~~ garasje.
- § 5 Garasjen skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset, og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge. Der forholda ligg til rette for det kan ~~bygningrådet kommunen~~ tillate oppført frittliggjande garasje. Garasjen kan ~~berre oppførast i 1 etasje med grunnflate~~ ikkje oppførast over ~~35~~ 50 m<sup>2</sup> ~~BRA og skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge. Garasjen kan innanfor bestemmelsene i byggeforskriftene, oppførast i nabogrense.~~ Dersom ~~bygningrådet kommunen~~ finn det tilrådeleg kan garasje som får lengderetning langs vegen, tillatast plassert inntil 2 m frå vegkant. ~~Vert carport bygd i tilknytning til huset, kan bygningrådet tillate at carporten vert plassert nærare nabo enn 4 meter.~~

~~Bygningrådet Kommunen~~ fastset endeleg plassering av garasjen. Plassering av garasjen skal vera vist på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med dette.

~~I tillegg til garasje skal det vera oppstillingsplass på eigen grunn for 1 bil. Det skal være oppstillingsplass for minimum 2 biler på egen grunn. Biler må kunne snu på egen grunn.~~

§ 6 ~~Bygningane skal ha saltak. Takvinkelen vert fastsett av bygningrådet som kan krevje at bygningar i same gruppe eller langs same vegstrekning skal ha lik takvinkel.~~

### 2. Friområder.

§ 7 I friområde kan ~~bygningrådet med formannskapet sitt samtykke~~ kommunen tillate oppført bygningar som har naturleg tilknytning til friområder og som ikkje vil vera til hinder for bruk av området som friområde.

### 3. Fellesføresegner.

- § 8 Det vert ikkje tillate private avkjørsler direkte til sekundærveg (hovudveg). Det same gjeld andre vegar som etter **bygningrådet kommunen** sitt skjønn kan få ein slik trafikkbelastning at fare vil kunne oppstå.
- § 9 Innanfor dei viste frisiktliner i vegkryss skal det vera uhindra sikt ned til 50 cm over dei kryssande vegar sitt planum.
- § 10 Innhegningar skal i same vegflukt vera av eins materiale og ha same høgd. Gjerde skal **plasserast minimum 1 m frå vegkant og** ikkje vera høgare enn 0,8 m over vegplanum, i skjering og fylling kan **bygningrådet kommunen** fastsetje annan høgd. ~~Gjerdens utføring, høgd og farge skal godkjennast av bygningrådet.~~
- § 11 Det er ikkje tillate med forstøttingsmurar langs vegar. Dersom det føreligg særlege grunnar kan **bygningrådet kommunen** godkjenne forstøttingsmurar og setje krav til høgd, utforming og utføring av desse.
- ~~§ 12 Bygningrådet kan fastsetje utvendig materiale og taktekkingsmateriale og kan krevje at grupper av hus skal fargesetjast etter ein samla plan.~~
- ~~§ 13 Når særlege grunnar føreligg, kan bygningrådet gjera unntak frå desse føresegnene innanfor rammen av bygningslovgivinga.~~

Grindafjord, 18.11.1984  
Aksdal, xxxxxxxx